

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ålesund VGS

Årsmelding skoleåret 2025-2026

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 3

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 4

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 7

3. Læringsmiljø 9

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 9

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 12

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 13

4. Skoleårsresultat 15

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 15

4.2 Karaktersnitt 18

4.3 Fråvær 19

4.4 Elevar som har slutta 20

4.5 Overgangar 21

5. Leiing og profesjonsutvikling 26

5.1 Leiargruppeutvikling 26

5.2 Profesjonsutvikling 26

1. Rektor har ordet

På tampen av skoleåret 2025-2026 landa vi ny visjon for Ålesund videregående skole: **"Mangfald, meistring og moglegheiter – saman utviklar vi kompetanse for framtida."**

Kvar enkelt elev i heile dette store mangfaldet av utdanningsprogram og elevar med ulike interesser, føresetnader og draumar, skal erfare meistring og moglegheiter, på skolen og i livet.

I samarbeidet mellom tilsette og elevar, skolen og kompetansemiljøa på Campus Ålesund, og vidare utover til alle dei mange samarbeidsbedriftene vi har, skal vi sjå til å vi utviklar kompetanse som er relevant for kvar enkelt elev, for samfunnet og for framtida.

Dette strekkjer vi oss mot ved Ålesund vgs. Visjonen er konkretisert i fem ambisjonar for perioden 2026-2036:

1. Ålesund vgs er ein **attraktiv og relevant skole** med eit stort mangfald av elevar innan eit breitt spekter av utdanningstilbod.
2. Elevens læringsmiljø er kjenneteikna av **inkludering, utforsking og meistring**. Gjennomføringa er på topp nasjonalt nivå.
3. Ålesund vgs er ein **lærande organisasjon** med sterke og innovative fagmiljø. Arbeidsmiljøet er kjenneteikna av tilhøyrsle og samarbeid.
4. Ålesund vgs er ein **aktiv del av Campus Ålesund**, med nære band til NTNU, Fagskolen Møre og Romsdal og aktørane på NMK.
5. Ålesund vgs er ein **regional utviklar**, og leverer relevant kompetanse for arbeidsliv og høgare utdanning.

Ålesund vgs er den einaste fylkeskommunale vidaregåande skolen i Ålesund med både yrkesfaglege og studieførebuande tilbod. Dette mangfaldet av fagmiljø og elevar er eit sentralt kjenneteikn og ein viktig kvalitet ved skolen, og noko vi er stolte over. Vi ser fram til å utvikle dette mangfaldet vidare, både i breidde og djupne.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	127,6
Tal på årsverk i leiarstillingar	13
Tal på årsverk andre tilsette	22,5


Kjønnsfordeling

Totalt hadde vi 177 tilsette skoleåret 2025-2026. Fordelinga var 64 % kvinner og 36 % menn. Dette er omlag same fordeling mellom kvinner og menn som året før.

Blant pedagogisk personale var kjønnsbalansen litt jamnare, med 59,7 % kvinner og 40,3 % menn. I leiinga hadde vi 61,5 % kvinner og 38,5 % menn Andre tilsette låg på 88 % kvinner og 12 % menn. Dei tre mennene av totalt 25 andre tilsette var pedagogisk støttepersonell.

Organisasjonskart

Leiinga ved Ålesund vgs er organisert i ein trenivåmodell, med to assisterande rektorarar, ein for yrkesfaglege og ein for studieførebuande avdelingar og utdanningsprogram. Til rolla som assisterande rektor for SF ligg også ansvar for eksamen. Til rolla som assisterande rektor for YF ligg også ansvar for elevtenesta.



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3/vg4	Total
Helse- og oppvekstfag	71	74		145
IT og medieproduksjon	15	15		30
Kunst, design og arkitektur	22	18	19	59
Musikk, dans og drama	48	44	41	133
Naturbruk	28	40		68
Sal, service og reiseliv	28	27		55
Studiespesialisering	104	136	186	426
Teknologi- og industrifag	58	104		162
Påbygging til generell studiekomp.			96	96
Total				1174

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	80

2.2.1 Helse- og oppvekstfag (HO):

Vi hadde ein ekstra vg1-klasse og dermed fem klassar per trinn på HO skoleåret 2025-2026, og i hovudsak fulle klassar. På vg2 var elevane delt på éin klasse ambulansefag, to klassar barne- og ungdomsarbeidarfag og to klassar helsearbeidarfag.

2.2.2 Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM):

På IM opererer vi på vg2 med ein halv klasse informasjonsteknologi og ein halv klasse medieproduksjon. Til saman hadde vi dermed ein full klasse per trinn.

2.2.3 Kunst, design og arkitektur (KD):

KD har erfart noko nedgang i søking dei siste åra. Vi har sett at læringsmiljøet, og truleg omdømmet til KD, har blitt utfordra ved stadig fleire elevar med manglande norsk-kompetanse, ettersom tilbodet har blitt særleg attraktivt for ukrainsk ungdom. Skolen har sett inn tiltak, men vi skulle svært gjerne sett at elevar utan grunnleggande norsk-kompetanse fekk tilbod som kvalifiserte dei i norsk før dei starta på eit ordinært løp.

2.2.4 Musikk, dans og drama (MD):

MD hadde bortimot to fulle klassar på vg1, og nokre færre på vg2- og vg3. Vi ser at musikk gjerne rekrutterer til full klasse, mens dans og drama (samanslått) ofte kan ha nokre ledige plassar. Rekrutteringa er tilfredsstillande også til dans og drama, men det varierer om det er dans eller drama som har den største delen.

2.2.5 Naturbruk (NA):

Over lengre tid har det vore stor søking til NA. Vi har likevel ikkje oppretta fleire klassar på vg1. På vg2 gjorde vi dette skoleåret eit unntak med ein ekstra klasse fiske og fangst. Vi er opptatt av at elevplassar må stå i forhold til tilgang til praksisplassar og læreplassar.

2.2.6 Sal, service og reiseliv (SR):

Her var nært på to fulle klassar både på vg1 og vg2. Potensialet til dette utdannings-programmet meiner vi er større, ikkje tal klassar, men ved at tilbodet blir førstevalet til fleire.

2.2.7 Studiespesialisering (ST):

ST er det klart største utdanningsprogrammet, med 426 (36 %) av elevane skoleåret 2025-2026. Samtidig har vi erfart nedgang i søkinga til ST dei siste åra. Trenden med auka søking til yrkesfag og nedgang til studieførebuande utdanningsprogram har vore nasjonal, men med lokale variasjonar.

Etter samanslåinga av gamle Ålesund vgs og tidlegare Fagerlia vgs til nye Ålesund vgs i 2001 fekk vi heile sju klassar med ST, inkludert dei tre særløpa ST internasjonal, ST forskarlinja og det fireårige ST toppidrett.

Skoleåret 2025-2026 hadde vi desse ST-klassane:

- Vg1: 3,5 ordinære; 0,5 internasjonal; 1 forskarklasse
- Vg2: 4 ordinære; 1 internasjonal; 1 forskarklasse
- Vg3: 4 ordinære; 1 forskarklasse; 1 internasjonal; 1 toppidrett
- Vg4: 1 toppidrett

2.2.8 Teknologi- og industrifag (TI):

Vi sa ja til ein ekstra klasse på vg1 skoleåret 2025-2026. Denne fjerne klassen er vidareført og etablert som ordinær kapasitet skoleåret 2026-2027. Bakgrunnen er stabil oversøking, og ei vurdering av at vi klarer å organisere fire klassar i verkstad.

Det er framleis solid oversøking til vg2 maritime fag, der vi etter politisk vedtak auka til seks klassar skoleåret 2025-2026. Framtidig bemanningsbehov på skip både sivilt og i Forsvaret var bakgrunnen for å auke til 90 elevar (6*15).

Samtidig har vi erfart utfordringar knytt til å sikre nok praksisplassar under opplæringa, og nok læreplassar etter vg2, men i samarbeid med næringane har vi klart å få ut dei aller fleste.

Til sist hadde vi ein full klase kjemiprosess vg2, med tilfredsstillande søking. Også her er det mykje arbeid med å skaffe nok praksisplassar og læreplassar.

2.2.9 Påbygging til generell studiekompetanse (PB):

Vi planla for to klassar PB3 og ei klasse PB4 (påbygg etter yrkeskompetanse), men sa ja til ein ekstra klasse PB3.

Inntaket til PB er tidkrevjande og uføreseieleg. Mange søker både PB og læreplass eller arbeid, og mange tar ikkje endeleg stilling til dette før i august. Inntaksarbeidet held fram gjennom september for å få tak i elevar og fylle på med søkjarar frå venteliste.

2.2.10 Avdeling for Tilrettelagd Opplæring (TO)

Elevar som ikkje kan gå eit ordinært løp søkjer seg til det aktuelle utdannings-programmet, men får eit særskild tilrettelagd løp.

Skoleåret 2025-2026 hadde vi totalt 28 elevar knytt til avdelinga TO, fordelt på to team. Vanskane varierer, men vi ser ei auke relatert til psykisk helse og skolefråvær. Vi har også elevar med celebral parese (rullestolbrukarar), autisme i kombinasjon med andre vanskar, downs syndrom, lettare og moderat psykisk utviklingshemming i kombinasjon med andre diagnosar, samt framandspråklege som ikkje klarer å gå eit ordinært løp.

Det blir jobba mykje med relasjonsarbeid for å kome i posisjon til læring, og det er mykje fokus på livsmeistring.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Skolen 2024-25	Skolen 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	7,8%	12,0%	11,4%
0 - 25	1,2%	1,6%	2,7%
25 - 30	2,5%	4,0%	4,7%
30 - 35	10,5%	11,8%	11,1%
35 - 40	18,6%	16,8%	16,8%
40 - 45	21,1%	24,3%	22,3%
45 - 50	23,8%	15,0%	17,9%
Over 50	14,5%	14,4%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid


	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ålesund vgs		44,9	44,0	42,6	41,7
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi ser at gjennomsnittlege grunnskolepoeng for vg1 har fallande kurve, men at skolen framleis ligg litt over fylkesgjennomsnittet. Ei vesentleg endring frå 2024-2025 til 2025-206 er at vi har færre med poengsum mellom 45 og 50, og fleire med poengsum 0 eller ingen.

Det utdanningsprogrammet som har hatt størst nedgang i grunnskolepoeng er KD, med ei utvikling frå 47,1 i 2022-2023 til 36,6 i 2025-2026. Andre utdanningsprogram med tydeleg nedgang i perioden er MD frå 48,4 til 43,8, HO frå 42,4 til 38,1, og ST frå 47,1 til 44,6.

Størst oppgang finn vi hos SR, frå 29,8 i 2022-2023 til 39,3 i 2025-2026, medan fleire utdanningsprogram berre har små endringar i perioden. Skoleåret 2025-2026 hadde elevane på NA høgast grunnskolepoeng, etterfølgd av ST og MD:



Årsakene til utviklinga og skilnadene er fleire, og bildet er samansett. For det første har det samanheng med attraktivitet og søking. Når NA ligg på topp er dette også eit utdanningsprogram med stor oversøking, og når KD ligg lågast er dette eit tilbod med svakare søking og ledige plassar.

Skolen er merksam på denne samanhengen, og har hatt som eitt av resultatmåla for perioden å ha fleire primærsøkjarar enn elevplassar ved alle tilbod.


For ST ser vi ikkje den sama koplinga mellom attraktivitet og grunnskolepoeng. Det er færre elevar som søkjer seg til ST, men søkjarane har framleis gode føresetnader målt i grunnskolepoeng.

3. Læringsmiljø

Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

3.1.1 Læringsmiljø vg1



I utviklinga av gjennomsnittleg resultat for læringsmiljø på vg1 målt i Elevundersøkinga, har vi særleg merka oss fallande kurver for **motivasjon** og **fagleg utfordring**.

Når vi veit at Elevundersøkinga blir gjennomført i november, berre tre månader etter at elevane har starta på vidaregåande skole, og når vi veit at over 80 % av elevane våre har fått innvilga primærønsket sitt, er vi på leit etter plausible forklaringar på svakare motivasjon, som kan setje oss i stand til å setje i verk tiltak.

Samanlikna med resultat for vg1 i heile fylkeskommunen ser vi same tendensen dei fire siste åra, men at motivasjonen gjekk litt opp igjen i 2025-2026.


I arbeid med analyse og tiltak er resultata på klassenivå viktig. Her identifiserer vi på gruppenivå kva indikatorar som er svake og sterke, og vi ser etter moglege samanhengar mellom ulike indikatorar.

Det er også relevant å sjå på elevane sine føresetnader som til dømes grunnskolepoeng. På avdelings- og klassenivå ser vi moglege samanhengar mellom grunnskolepoeng og motivasjon, som igjen er nært knytt til faglege utfordringar og erfaringa av meistring.

Skolen sine handlingsplanar i perioden 2022 til 2026 har hatt eit særleg fokus på **fagleg og sosial inkludering**. Eit av dei forventa resultata var auka motivasjon og meistring.

Vi ser at det framleis er behov for tiltak som styrkar motivasjonen og meistringa, og har for skoleåret 2026-2027 valt **læringsleiing** som strategisk område. Til grunn for dette ligg ei stadfesting og anerkjenning av læraren si sentrale rolle inn mot elevens motivasjon og meistring, og vi vil på ulike måtar styrke og støtte læraren som læringsleiar.

3.1.2 Læringsmiljø vg2



Det er interessant å merke seg at resultata for læringsmiljø på vg2 er noko jamnare frå år til år, og at nedgangen i motivasjon på vg1, finn vi ikkje like tydeleg igjen på vg2.

Her kan det vere fleire forklaringsmodellar, og truleg ein kombinasjon:

- Vi har jobba godt med elevane gjennom vg1, slik at motivasjonen blir styrka.
- Elevane er eit år eldre og nærmar seg høgare utdanning eller læreplass.
- Elevane på yrkesfag har valt retning utifrå interesse og motivasjon.

Vg2-resultatet gir oss likevel grunn til å vere særleg merksame på indikatoren **fagleg utfordring**. På fire år har vi gått frå 4,5 til 4,2.


Fagleg utfordring i Elevundersøkinga måler om elevane opplever at dei får oppgåver som krev innsats, refleksjon og læring på eit nivå som passar dei.

I tråd med LK20 skal elevane få utfordringar dei må strekkje seg etter, men som dei kan meistre med innsats og støtte. Målet er at dei skal lære og utvikle kompetanse i si nærmaste eller proksimale utviklingssone (Vygotskij), gjennom oppgåver som er krevjande, men overkomelege. Dette blir omtalt som optimal utfordring.

Resultata for fagleg utfordring bør sjåast i samanheng med indikatorane meistring, motivasjon og støtte frå lærarane. Høg fagleg utfordring er ikkje udelt positivt dersom elevane samtidig opplever låg meistring eller motivasjon. Tilsvarande kan låg fagleg utfordring tyde på at undervisninga ikkje strekkjer elevane nok.

Ved Ålesund vgs jobbar vi med ei bevistgjering rundt dette, både i profesjonsfellesskapa og blant elevane. Eit døme på konkret tiltak finn vi i realfagsavdelinga, der dei har ei satsing for å gjere elevane meir robuste til å stå i faglege utfordringar i matematikk.

3.1.3 Læringsmiljø vg3



Vi ser lite endring frå år til år på vg3. Når vi derimot følgjer eit kull frå vg1 til vg3 ser vi at motivasjonen kan styrke seg på vg2, der også yrkesfaga er med i talmaterialet, men svekke seg på vg3, der det berre er dei studieførebuande tilboda som blir målt.

På vg3 finn vi også Påbygging til generell studiekompetanse. I klasserapporten for 2025/26 ser vi at nettopp PB har noko svakare motivasjon enn andre studieførebuande klassar. Dette kan igjen henge saman med at dei faglege utfordringane blir for store for ein del av elevane, som kan gå ut over motivasjonen.

Ettersom vg3 er sjølve avslutninga på 13 års skolegang, og der vitnemålet skal opne opp dører til høgare utdanning, skulle det ligge godt til rette for at elevane er motiverte. Samtidig ser vi behovet for å styrke koplingane mellom teori og praksis også på oppløpssida, og som STEM-skole har vi fokus på dette. Tettare koplingar til arbeidslivet vil kunne styrke motivasjonen og opne augo for moglege karrierevegar.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	10
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skolen sine retningslinjer for arbeid med trygt og godt skolemiljø i samsvar med kap. 12 i opplæringslova blir årleg presentert ved oppstart av skoleåret for alle tilsette.

Skolens innsatsteam mot mobbing (SIM) har månadlege møte. SIM skal sjå til at:

- at skolen har retningslinjer for handtering av mobbesaker
- at retningslinjene er kjent i organisasjonen
- at organisasjonen har kompetanse til å forstå, avdekke og løyse mobbesaker.

Ettersom Ålesund vgs er ein stor organisasjon kan ikkje SIM vere eit organ som normalt går inn i alle konkrete saker. Dette blir handtert av ressursteama på avdelingane.

Avdelingsleiarane har det delegerte elevansvaret, og dermed er det avdelingsleiar som skal ha oversikt og følgje opp også saker som har med trygt og godt skolemiljø å gjere. Dette ansvaret blei presisert fram mot skoleåret 2025/26, ved ei organisatorisk endring som medførte eit litt anna samspel mellom avdelingsleiarane og elevtenesta.

Skoleåret 2025/26 blei det også tydelegare at skolen hadde behov for ein miljørettleiar eller fleire. Dette resulterte i ein rekrutteringsprosess, der vedkomande var på plass til oppstart av skoleåret 2026/27.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal

Møte i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	15-20
Møte i skoleutval	4
Møte i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	(Har ikkje)

Elevmedverknad skjer både i det formaliserte skoledemokratiet med elevråd og elevrepresentasjon i ulike fora, og i sjølve opplæringa.

3.3.1 Vurderingspraksis

Elevundersøkinga måler "Vurdering for læring" (ref. Kap. 3.1). Resultata viser at vi ligg litt under fylkesgjennomsnittet, men at dette styrker seg noko på vg3.

Desse spørsmåla svarer elevane på:

- Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide med faga?
- Får du vere med og foreslå kva som skal leggast vekt på når arbeidet skal vurderast?
- Får du vere med og vurdere skolearbeidet ditt?

Generelt har vi over år og på tvers av skolar sett at fokuset på vurdering for læring og elevens medverknad i læringsarbeidet, i lita grad har gitt utslag i Elevundersøkinga. Betyr det at her ikkje i tilstrekkeleg grad har vore praksisendring i retning meir involvering av elevane i planlegginga av undervisninga og i vurderingsarbeidet?

Vi svarer ikkje ut dette i årsmeldinga, men tar spørsmålet med oss til profesjons-fellesskapa. Dei nemnde klasserapportane gir også verdifull kunnskap om korleis dei ulike klassane erfarer elevmedverknad i undervisninga.

3.3.2 Elevdemokrati og medverknad

Elevundersøkinga måler også "Elevdemokrati og medverknad" (ref. Kap. 3.1). Resultata viser igjen at vi ligg eit knepp under fylkesgjennomsnittet.

Ålesund vgs har to elevråd, eitt per lokalitet, med kvar sitt elevrådsstyre og kvar sin elevrådsleiar. Dei to elevrådsleiarane med nestleiarar utgjer eit overordna organ for dei to elevråda. Rektor var kontaktperson for begge elevråda skoleåret 2025-2026. Elevane har dermed hatt direkte tilgang til leiinga, og har vore i posisjon til å bli høyrd utan omvegar.

Dei to elevrådsleiarane sit også i skoleutvalet. Skoleåret 2025-2026 bestod skoleutvalet av desse rolleutøvarane:

- Rektor
- Assisterande rektor for SF
- ATV for Utdanningsforbundet
- Dei to elevrådsleiarane
- Foreldrerepresentant vg1
- Foreldrerepresentant vg2
- To næringslivs- og samfunnlivsrepresentantar

Her er nokre av sakene som har var oppe i skoleutalet skoleåret 2025-2026:

- Ny visjon og nye ambisjonar for skolen
- Resultat i Elevundersøkinga
- Fråværsproblematikk
- Realfagsutfordringa i vidaregåande skole
- Samarbeidet på Campus Ålesund

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	85,4%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Helse- og oppvekstfag	83,1%	95,9%		89,7%
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	93,3%	86,7%		90,0%
Kunst, design og arkitektur	50,0%	61,1%	73,7%	61,0%
Musikk, dans og drama	77,1%	88,6%	85,4%	83,5%
Naturbruk	100%	100%		100%
Påbygg			75,0%	75,0%
Sal, service og reiseliv	75,0%	88,9%		81,8%
Studiespesialisering	77,9%	86,8%	84,9%	83,8%
Teknologi- og industrifag	98,3%	96,2%		96,9%
Total	82,4%	90,8%	81,6%	85,4%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ålesund vgs		92,4%	91,8%	88,6%	85,4%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Ålesund vgs har erfart ein nedgang på 7 % i gjennomføring på 4 skoleår, frå 92,4 i 2022/23 til 85,4 i 2025/26. Det er brutalt. Samtidig er her utdanningsprogram med svært høg gjennomføring, og dermed er her stor variasjon i gjennomføringa mellom utdanningsprogramma.

Ei delforklaring til nedgangen i samla resultat er at idrettsfag, som generelt har svært høg gjennomføringsgrad, blei flytta til Spjelkavik vgs i 2024.

To utdanningsprogram utmerkar seg særs positivt; **naturbruk har 100 % og teknologi- og industrifag har 96,9 % fullført og bestått**.

NA med fiske og fangst og akvakultur har levert svært høg gjennomføring i fleire år. I same periode har søkinga til tilbodet vore svært høg, og dermed også grunnskole-poenga. Det er likevel ikkje nok som forklaring. Tre andre indikatorar er særleg relevante: Motivasjon, Støtte frå lærar, og Meistring. Vi får dette stadfesta i Elevundersøkinga. I særleg grad ser vi at støtte frå lærar er svært sterk på NA.

TI med maritime fag og kjemiprosess har også levert svært bra gjennomføring i fleire år, særleg på vg2. TI vg1 har hatt ei reise frå 82,2 % i 2022-2023 til 98,3 % i 2025-2026, medan vg2 har levert denne rekka frå 2022-2023 til 2025-2026: 98,7 %; 98,6 %; 97,8; 96,2 %. Igjen er her ein naturleg samanheng mellom attraktivitet og grunnskolepoeng på den eine sida, forsterka av m.a. motivasjon, støtte frå lærar og meistring.

Vi vil også løfte fram **informasjonsteknologi og medieproduksjon** vg1, som trass relativt svake grunnskolepoeng (37,6) leverer ei gjennomføring på 93,3 %. Det står det stor respekt av.

Kunst, design og arkitektur har hatt utfordringar med elevgruppa, og har ei svært svak gjennomføring på 61,1 %. I tillegg til låge grunnskolepoeng (36,6) har tilbodet fått stadig fleire minoritetsspråklege elevar, særleg ukrainske, der skolen har oppmoda fleire til å ta vg1 over to år. Går vi tilbake til 2022-2023 hadde KD ei gjennomføring på heile 91 %. Skolen har sett inn tiltak, og det blir jobba godt på avdelinga for å snu trenden.

Til sist vil vi kommentere **studiespesialisering** med 83,8 % fullført og bestått. Det største utdanningsprogrammet har hatt ei negativ utvikling på gjennomføring frå 94,5 % i 2022-2023 til der vi er no. Grunnskolepoenga er framleis høge, men motivasjonen er ikkje tilfredsstillande. Ein annan faktor er at også ST har fått stadig fleire minoritetsspråklege elevar, samt elevar med andre utfordringar.

(I årsmeldinga i år kommenterer vi ikkje utviklinga til alle tilboda.)

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Helse- og oppvekstfag	4,19
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	4,05
Kunst, design og arkitektur	3,74
Musikk, dans og drama	4,50
Naturbruk	5,02
Påbygg	3,68
Sal, service og reiseliv	4,36
Studiespesialisering	4,28
Teknologi- og industrifag	4,29

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ålesund vgs		4,33	4,36	4,28	4,27
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi ser ein samanheng mellom grunnskolepoeng ved inntak og karaktersnitt ved avslutta opplæring. Samanhengen er likevel ikkje kausal i enkel forstand; grunnskolepoenga avgjer ikkje utfallet i seg sjølv, men representerer ein av fleire faktorar som påverkar elevane sine resultat.

Karaktersnittet ved Ålesund vgs ligg jamt eit knepp over fylkesgjennomsnittet, noko som også er tilfellet med grunnskolepoenga.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,3	28,2	6,5%
Vg1	6,7	24,0	6,1%
Vg2	5,4	23,6	5,4%
Vg3	7,1	38,8	8,3%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ålesund vgs		5,7%	5,8%	7,5%	6,5%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi hadde ei auke i fråværet i 2024-2025, og 1 % ned igjen skoleåret 2025-2026. Slike svingingar har vi ikkje nødvendigvis plausible forklaringar på, men vi ser at fråværet etter gjeninnføringa av fråværsgrensa ligg relativt stabilt og samsvarer i stor grad med fylkesgjennomsnittet.

Det er vidare eit mønster at fråværet aukar frå vg1 til vg3, men positivt at fråværet på vg2 dette skoleåret gjekk ned med over 1 % samanlikna med vg1-fråværet skoleåret før.

Forsking viser ikkje uventa at elevens oppleving av motivasjon og meistring har stor innverknad på fråværet. Eit målretta arbeid med fagleg inkludering for alle skal dermed gi positivt utslag i mindre fråvær.

Kva effekt dei nye endringane i fråværsreglementet vil få har vi for lite empiri til å uttale oss om.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
3,1%	36

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Ålesund vgs		3,2%	2,0%	2,7%	3,1%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Prosentdelen elevar som har slutta har gått litt opp, og ligg no likt med fylkes-gjennomsnittet.

Skolen har hatt som mål at "ingen elevar sluttar som følgje av manglande fagleg og sosial inkludering". Årsakene til at elevar sluttar er mange, men sluttsamtalar med elevar viser at nokre sluttar nettopp på grunn av manglande fagleg og sosial inkludering. I omprepet ligg då sentrale indikatorar som trivsel, motivasjon og meistring.

Tilbod frå andre skolar er naturlegvis ein medverkande årsak til at elevar sluttar eller startar i løpet av skoleåret. I Ålesund er det ein del rørsle av elevar mellom dei fire vidaregåande skolane, inkludert ein privat aktør.

4.5 Overgangar

4.5.1 Overgang frå ungdomsskole til vidaregåande skole

Innsatsen i arbeidet med overgang frå ungdomsskole til vidaregåande skole handlar for det første om at elevane skal kjenne til kva som finst av utdanningsprogram, og at dei vel det løpet som er rett for dei.

Rådgjevarane på ungdomsskolane spelar ei hovudrolle i dette informasjons- og rettleiingsarbeidet, medan vidaregåande skolar supplerer med desse tiltaka:

- Karrieredagen
- Hospitering
- Open dag
- Skolebesøk

I Møre og Romsdal har vi dei siste åra erfart at det målretta og politisk ønska arbeidet for å rekruttere til yrkesfag har gitt resultat. Men når over 60 % av elevane i fylket vel yrkesfag er dei studieførebuande utdanningane i negativ utakt med behovet for studieførebudde studentar på høgskole og universitet. Dette har vi dialog med ungdomsskolane om å endre. Eitt minimumstiltak må vere at dei studieførebuande utdanningane får like stor plass som dei yrkesfaglege retningane i karriererettleiinga på ungdomsskolane.

Eit anna innsatsområde i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole gjeld informasjonsflyt om, og trygg skolestart for særleg sårbare elevar. Her erfarer vi i hovudsak god dialog med ungdomsskolane, samt gode og nødvendige møte med elevar og føresette før og rett etter skolestart.

For det tredje erfarer vi at inntaksarbeidet har blitt meir krevjande dei siste åra, og det gjeld ikkje berre til vg1. Det handlar dels om ei uro knytt til eigne val både blant elevar som er tatt inn og elevar som står på venteliste. Og ikkje minst erfarer vi at elevar, og i

aukande grad med engasjerte føresette på tråden, ber om bytte av klasse og utdanningsprogram frå og med dag 1. Dette er ein trend som fleire skolar rapporterer om.

4.5.2 Frå yrkesfag vg2 til læreplass eller påbygging


Det er stor skilnad mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma på kor høg prosent elevar som går frå vg2 til læreplass.

Merk at i tabellane under er også status for 2026 tatt med, og her er ikkje tala endelege per dato, ettersom det framleis blir jobba med å vinne læreplassar til elevar. Merk også at prosenten der det står "slutta/ukjent" ikkje handlar om ikkje fullført skoleår. Under slutta/ukjent ligg alle som ikkje er registrert med nokre av de andre årsakene/ kategoriane. Her ligg også dei som det ikkje er registrert lærekontrakt på ennå.

Helse- og oppvekstfag


Trenden på HO dei siste åra har vore at rundt 30 % har gått vidare til læreplass, og rundt 60 % har valt PB. Vi vurderer dette bildet som uheldig, både med tanke på at det er behov for fleire fagarbeidarar, og med tanke på at elevane som går YF + PB er mindre studieførebudd enn dei som går eit studieførebuande løp. (2026-tala er førebelse.)

Trend – fordeling i kategorier




Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Vi ser at berre 44,4 % av elevane som gjekk ut frå IM våren 2025 gjekk vidare til læreplass. (2026-tala er førebelse.)



Naturbruk


Over fleire år har NA levert ein høg prosent til læreplass. Trenden fram mot 2025 er at dette kan vere i ferd med å endre seg. Det skjer i tilfellet parallelt med at tilbodet har auka i attraktivitet. Det er likevel for tidleg å konkludere. (2026-tala er førebelse.)



Sal, service og reiseliv

SR har hatt same utviklinga som fleire andre utdanningsprogram, med færre elevar til læreplass. (2026-tala er førebelse.)


Trend – fordeling i kategorier



Teknologi- og medieproduksjon

TI med vg2-løpa maritime fag og kjemiprosess leverer høgast prosentdel til læreplass. (2026-tala er førebelse.)

Trend – fordeling i kategorier



4.5.3 Overgang frå vidaregåande skole til høgare utdanning

Ålesund vgs er ein del av Ålesund Campus, tett på Fagskolen og NTNU. Skoleåra 2024-2025 og 2025-2026 tok vi nye steg for å utvikle samarbeidet på Campus, innan ulike fagfelt. Dei stadig tettare banda mellom utdanningsnivåa på Campus skal gi utteljing for eleven ved kjennskap både til ulike høgare utdanningsløp og til NTNU Ålesund som lokalitet og tilbydar.

Dette skal vere ein X-faktor og ein særleg gevinsten ved å vere elev ved Ålesund vgs, også for tilboda våre ved lokaliteten Volsdalsberga.

4.5.4 Samarbeid med arbeids- og næringsliv

Ålesund vgs skal vere ein regional utviklingsaktør i nært samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv (Ref. skolens effektmål 2021-2026).

Eitt av tiltaka i skolens handlingsplan for 2023-2026 var at alle avdelingar skulle gjennomføre interessentanalyse, for slik å kartlegge samarbeidspartnarar (eksisterande og potensielt nye) for så å etablere ulike former for samarbeidsavtalar med desse.

Vi ser at dei yrkesfaglege utdanningane våre har eit stort og utstrekt samarbeid med ei mengd lokale og regionale partnarar. For enkelte avdelingar kan det vere snakk om fleire titals samarbeidspartnarar.

For dei studieførebuande utdanningane er det naturleg færre samarbeidspartnarar, men eit aukande tal, og eit større medvit i organisasjonen om å ta i bruk alternative lærings-arenaer og eksterne ressursar, og å knytte teori til praksis.

Ålesund vgs etablerte våren 2025 også kontakt med Nasjonalt senter for realfags-rekruttering, og har blitt «STEM skolepartnar». (Science – Technology - Engineering - Mathematics.) Målet er å auke kunnskapen om realfag, og inspirere fleire elevar til å velje realfag ved å vise dei kva faga kan brukast til, i studium og arbeidsliv.

5. Leiing og profesjonsutvikling

5.1 Leiargruppeutvikling

Leiargruppa var gjennom ei betydeleg nedskalering frå 17 til 13 leiarar, rekruttering av nye leiarar, og organisatoriske endringar i perioden 2023 til 2025.

Bakgrunnen for nedbemanninga var kutt i økonomisk ramme, med behov for kostnadsreduserande tiltak. Nedbemanninga blei tatt ved naturleg avgang.

Tiltaka påførte leiargruppa vesentleg auka belasting og redusert samla kapasitet til leiing, noko som kom tydeleg til uttrykk i medarbeidartilfredsheitsundersøkinga (MTM), som blei gjennomført i 2025.

Leiargruppa nytta seg av tilbod frå HR i fylkeskommunen om leiargruppeutvikling gjennom Agenda Kaupang skoleåret 2025-2026. Vi gjennomførte fire samlingar med ekstern konsulent, med tematikk som til dømes psykologisk tryggleik, effektive leiar-grupper, rolleforståing, transformasjonsleiing og inspirerande leiarskap, samt leiars betydning for utvikling av gode arbeidsmiljø.

5.2 Profesjonsutvikling

Skoleåret 2025-2026 var det siste i ein treåring handlingsplanperiode, der profesjonsfellesskapa jobba med desse utviklings- og strategiområda:

Utviklingsområde	Strategiområde
Læringsmiljø	1 Fagleg og sosial inkludering; 2 Vurderingspraksis; 3 Tverrfaglegheit og tverrfaglege tema
Leiing og profesjonsutvikling	Leiing og profesjonsfellesskap
Kommunikasjon	1 Intern kommunikasjon; 2 Ekstern kommunikasjon
Organisasjonsutvikling	1 Organisasjonsidentitet; 2 Organisatoriske endringar

Måla for profesjonsfellesskapa var:

1. Vi er ein lærande organisasjon.
2. Vi erfarer arbeidsglede, godt og effektivt samarbeid, klarheit i roller, leiarstøtte tett på, samt kultur for deling, utprøving og endring.

Profesjonsutviklinga skjer i stor grad på avdelingsnivå, under leiing av avdelingsleiar.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no